

Kyrkjelyden ynskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane; fylt med fine opplevingar, erfaringar og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar me på førehand kva me kan forvente av kvarandre.

Av kyrkjelyden sine tilsette og konfirmantleiarar kan de forvente at:

- Me bryr oss om konfirmantane.
- Me gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig.
- Saman med konfirmantane lagar gode samlingar og flotte aktivitetar.
- Me sender ut informasjon i god tid og held web-sidene kontinuerleg oppdaterte.
- Me svarar på e-post og telefon.

Av konfirmantane forventar me at:

- Du er med på alle samlingar og alle aktivitetar og er engasjert i det som skjer.
- Du er med på minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida.
- Du møter presis til timane.
- Du gir beskjed når du ikkje kan komme.

- Du utfører ei anna oppgåve i kyrkjelyden dersom du ikkje møter på fasteaksjonen.

Av føresette forventar me at:

- De møter på foreldremøter
- De følger opp og støttar konfirmantane.
- De stiller opp i nokre foreldreoppgåver gjennom konfirmanttida.
- De sender ei melding om konfirmanten må vere vekke frå samlinga eller aktivitetar

Gudstenestene som inngår i konfirmantopplegget, er opne for alle, og de er hjarteleg velkomne.

Helsing frå oss som arbeider med konfirmasjon i Fitjar kyrkje.



Velkommen!
No er det din tur til å
bli konfirmant i Fitjar
kyrkjelyd



KONFIRMANT*
2021



Ei viktig tid – eit viktig val!

Velkommen som konfirmant i Fitjar kyrkjelyd!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner!

Du er velkommen anten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig – me gler oss til å bli kjent med deg! I konfirmanttida får du læra meir om deg sjølv og om Gud. Saman med andre får du utforske nokre av dei store spørsmåla i livet, og du vil få mange nye opplevingar og erfaringar. Eit konfirmantår inneheld mange ulike samlingar, og det heile vert avslutta med ei høgtidleg konfirmasjons-gudsteneste til våren.

SAMLINGAR I KYRKJA

Det er ulike samlingar i kyrkja gjennom året. Samlingane er i grupper rett etter skuletid. Samlingane startar med eit enkelt måltid. Me har og tid til leik. På desse samlingane vil me saman utforske ulike tema om trua, bibelen, Gud, Jesus og Den heilage Ande.

Samlingane vert: tysdagar
kl 14.15 - 15.45

GUDSTENESTER

Gjennom året tek du del i gudstenester, mellom anna presentasjonsgudsteneste og lysmesse. I nokre gudstenester har konfirmantane enkle oppgåver.

FESTIVAL

Alle konfirmantane deltek på konfirmantfestival på Langevåg. Det er ein festival for regionen vår, med konfirmantar frå ulike stader i Sunnhordland. Denne festivalen er ein søndag i februar. Det er cup og "plug and play"-aktivitetar. Ein kjekk dag der me møter konfirmantar frå mange andre stader i Sunnhordland.

TILRETTELAGT

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom du treng tilrettelegging, ta kontakt med kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre på tlf: 95138562 eller e-post: rama@fitjar.kommune.no Saman med deg og føresette finn me ut korleis me kan gi deg det beste tilbodet.



KONFIRMASJON OG DÅP

Eg er ikkje døypt – kan eg bli konfirmert?

Ja, du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønsgudstenesta. Kvar år er det fleire konfirmantar som blir døypte.

PRIS FOR KONFIRMANTÅRET:

kr 1000,- pr halvår.

Me er inne i ei annleis tid og veit ikkje kor lenge den varer. Me vil legge opp til samlingar etter slik restriksjonane er til ei kvar tid. I første omgang tyder det at

det ikkje vert informasjonsmøte.

PÅMELDING:

Gå inn på www.kyrkja.no/fitjar og meld deg på online. Påmeldingsfrist: mandag 22. mai. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål!

Meir om konfirmasjon, kan du lese på nettsida til kyrkjelyden: www.kyrkja.no/fitjar

Venleg helsing Fitjar kyrkjelyd v/ konfirmantansvarleg Randi Lønning Matre og sokneprest Roald Drønen